



DEN NORSKE KYRKJA

Fedje sokneråd

Til stades	Til stades
Grete A. Herøy	Åse U. Berge
Marith S. Gullaksen	Gerd Marie B. Villanger
Edvard Koppen	Odd Arild Torstensen
Ottar Tangen	Ingrid Nilsen Sekr.

Forfall meldt av følgjande medl.	Følgjande varamedl. Møtte.
Sokneprest Magne Bjørndal	

F SAKER

Utval	Dato	Saksnummer	Sakshandsamar
Fellesråd	25 august 2010	Sak F17/10	I.N.

Forslag til endringar i gravferdslova og kyrkjelova.

Forsynings- administrasjons- og kirke departementet har kome med eit forslag til endring av gravferdslova og kyrkjelova. For å samanlikna er det lurt å nytte seg av Handbok for sokneråd som de har fått utlevert. (Blå bok).

I kopivedlegget er det gitt tydeleg tilvisningar til eksisterande lovverk.

Det er noko å lesa, sjå særleg på dette:

Hensynet til andre kulturar..... s. 10, 11, 12.

Fristar for gravferd og kremasjon s. 17,18,19.

Endringar i Kirkeloven s. 26 og utover

Samrøysta vedtak : Fedje sokneråd vil gje følgjande uttale til høringsutalen til ” forslag til endringar i gravferdslova og kyrkjelova.:

§6 andre ledd – nytt tredje punkt:

Ved gravlegging i grav som i er særskilt tilrettelagt for å imøtekomme religiøse og livssynsmessige (minoritetens) behov, dekkes kostnadane av kirkelig fellesråd i hjemkommunen når denne ikkje selv har et slikt tilbud.

Det knyter seg uro til forslaget om at kostnadene ved slike gravferder skal dekkast av kyrkjeleg fellesråd. Sjølv om det er eit etter måten avgrensa omfang av slike gravferder dei fleste stader i ennå, kan det i framtida verta eit tungt økonomisk ansvar å sitja med. Kostnadssida av saka må vurderast nøye. Dersom kyrkjeleg fellesråd skal ha det økonomiske ansvaret, må det føra til auka overføringar frå kommunane. Alternativt bør dette vera kommunane sitt ansvar, gravplassen er eit kommunalt ansvar. Eller kanskje kvart bispedømme skal ha ein pott til slike formål? Den økonomiske situasjonen må greiast ut nærmare, og dersom det er mogeleg, få opp prognosar for kor mange dette truleg kan gjelda i dei næraste 20-30 åra, på landsbasis og med fordeling i kvart bispedømme, og slik få ein peikepinne på omfang og kostnader.

Rett avskrift Fedje 31. august 2010.

